

## Tvillingar ruga på Vetlaskjeret

26.06.2013



Ein gledeleg familieauke har funne stad i Uskedalen. Herr og fru Svane, som alle kjenner og elsker, har ruga ut eit tvillingpar på Vetlaskjeret. Dei små vert no gjenstand for stor omsorg. Det har også vi observert seinast i dag, under ei omfattande matøkt som foreldra hadde ved skjæret.



Ornitologar er imponerte og trur ikkje at svaner har formert seg på denne staden før, prega som den er av uro og då ikkje minst måkeskrik.

Uskedalsvanene ((cygnus olor) er knoppsvaner og dei kan ha eit vengjespenn

på 2,4 meter og vera 1,6 meter lange,  
Den vaksne fuglen kan attkjennast på det store,  
orangerøde nebbet med ein svart knopp i panna.  
Ungfuglane har meir beigebrune fargar, nebbrota er  
heilsvart og knoppen manglar.

Hekkinga går føre seg både i næringsrike vatn i  
innlandet, kystlandskap og skjærgården.  
Reiret er bygd av siv eller tang i strandsona, ofte  
på små øyer. Føden er vannplantar som fuglen  
rekk ned til med den lange halsen.  
Knoppsvana har auka kraftig i antall i dei siste 40 åra.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

